



Arkivnr: 2015/1809-1

Saksbehandlar: Marit Rødseth

**Saksframlegg****Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.2015

**Regional planstrategi - 2015 - framdrift og fordeling av midlar til regional planlegging****Samandrag**

Arbeidet med gjennomføring av regional planstrategi 2012-2016 pågår for fullt. I 2014 har det vore høg planaktivitet og 5 planar er vedtatt, 4 er under arbeid og 1 har starta opp. Fylkesutvalet fordeler midlar til regional planlegging for 2015. Arbeidet med regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger vil kreva vesentlege midlar. Andre planar er i avslutningsfase eller oppstart/programfase.

Arbeidet med ny regional planstrategi vil starte etter at nytt fylkesting er konstituert i 2015. Det vil bli førebudd arbeid med statusrapportar som bakgrunn for oppstart av planstrategiarbeidet til hausten.

**Forslag til avgjerd**

1. Fylkesutvalet fordeler midlar til regionalt planarbeid frå Regional planstrategi(160.203.00) i 2015 slik:

Planarbeid	NOK
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	150 000
Regional forvaltningsplan for vatn	100 000
Regional kulturplan	200 000
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger	1 232 000
Utviklingsplan for indre Hordaland	200 000
Sum	1 882 000

2. Fylkesrådmannen har fullmakt til mindre justeringar av løyvingane.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 11.02.2015

### 1. Bakgrunn

Regional planstrategi 2012-2016 blei vedtatt i Fylkestinget 12.desember 2012. Strategien fastset kva regionale planar som skal utarbeidast den komande fireårsperioden. Fylkestinget løyver kvart år midlar til regional planlegging. Midlane blir fordelt av fylkesutvalget som har hovedansvar for regional planlegging. Denne saka inneholder ein statusrapport for regional planlegging, ein skisse til korleis fylkesskommunen kan førebu arbeidet med komande regionale planstrategi og forslag til fordeling av midlar til regional planlegging.

### 2. Status for regional planlegging i 2014

Gjeldande regionale planstrategi blei vedtatt i Fylkestinget 12.desember 2012. Planstrategien peikat på utfordringane i fylket og bestemmer kva regionale planar som skal utarbeidast i komande fire års periode for å møta utfordringane. Regionalt planarbeid er tidkrevende, ikkje minst når det gjeld prosess og medverknad. Planarbeid vil difor kunne strekkje seg over lengre tid enn ein valbolk. I 2014 vedtok fylkestinget i alt 5 regionale planar, 4 planar var i planfasen, medan ein plan kom til oppstartvedtak i fylkesutvalet.

#### Oversyn over regionalt planarbeid i 2014

Plan	Status
Regional plan for folkehelsearbeid	Plan vedtatt mars
Forvaltningsplan for vassregion Hordaland	Planforslag på høyring med frist 31.12.2014
Regional plan for attraktive senter	Plan vedtatt desember
Regional plan for areal- og transport i Bergensområdet	Planarbeid pågår
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger	Planarbeid pågår
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet	Planarbeid pågår – høyringsforslag i januar 2015
Regional plan for Nordfjella	Plan vedtatt juni
Regional kulturplan	Plan vedtatt i desember
Klima – og energiplan for Hordaland – revisjon	Plan vedtatt i juni
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	Oppstartvedtak for arbeid med planprogram fylkesutvalet 19.06
Regional plan for ferdefri E39 Aksdal-Bergen	Ikkje aktuell fordi E 39 vert handtert som statleg plan på kommunedelplan nivå
Regional plan for ny godshamn i Bergensområdet	Stilt i bero grunna arbeid med KVU for jernbaneterminal
Utviklingsplan for indre Hordaland	Førebingning i gang, men utsett for å avvente arbeid med næringsstrategi for Hardanger
Landskap, grøntstruktur og friluftsområde	Oppstart planlagt mot slutten av strategiperioden
Kystsoneplan for Hordaland	Oppstart planlagt etter vedtak av kystsoneplan for Sunnhordland

Året som gjekk har med andre ord vore eit svært aktivt år for regional planlegging. Planprosessar har involvert eit stort antal samarbeidspartar og interessentar. Målsetjinga om færre planar og meir handlingsretta planar er likevel ivaretatt. Spesielt kan nemnast regional kulturplan som innlemmar fire tidlegare separate regionale planar.

Politisk forankring av planprosessar i fylkeskommunen har variert mellom planane, alt frå enkel representasjon med ein oppnevnt kontaktperson til sterkt involvering av berørt fagutval. Planprogramma fastset korleis den politiske forankringen skal vera. Fylkesutvalget vedtek planprogram. Det er derfor fylkesutvalget som avgjer tenleg organisering.

Systemet med eit aktivt handlingsprogram til kvar plan som blei innført i revidert plan- og bygningslov byrjar å virke. Spesielt for Regional klima- og energiplan er dette synleg. Samtidig vedtak av handlingsprogram og fylkesbudsjett kan sikre gjennomføring av regionale planar.

Eit stort antall planar under arbeid parallelt har uheldige sider. Det stiller store krav til eksterne samfunnsaktørar om kapasitet til medverknad. Fleire har uttrykt kapasitetsproblem. Det stiller store krav til fylkeskommunen sjølv om kapasitet både politisk og administrativt. I framtidige planstrategiar bør ein ha større fokus på rekkefølge og kapasitet i regionalt planarbeid.

Med den tidshorisonten ein planarbeid har vil det kunne skje endringar under vefs. Eit regjeringsskifte har mellom anna ført til endringar innan samferdsel. Regional plan for E39 Aksdal- Bergen er ikkje lenger aktuelt fordi staten har forsert arbeidet og er i gang med eit planprogram for strekninga etter at det er lagt fram ein KVU for hovudløysing for kryssing av Bjørnafjorden. Fylkeskommunen bidrar på den andre sida med studie av tilførselsvegar.

Regional plan for godshamn i Bergensområdet er også stilt i bero fordi staten har tatt initiativ til ein felles KVU for ny jernbaneterminal som også kan sjåast i samanheng med hamnespørsmålet. På den andre sida førebu ein no arbeidet med revisjon av regional plan for transport etter at den har verka ein fire års periode.

Utviklingsplan for indre Hordaland blei sett ut i tid på grunn av at Hardanger næringsråd har arbeidd med ein strategi for næringsutvikling. Det var ynskjeleg å sjå dette i samanheng,

For andre regionale planar er det framdrift som planlagt, men for nokre har det skjedd forseinkingar av ulike grunnar.

### **3. Ny regional planstrategi - 2016-2020**

Det er naturleg å starte arbeidet med ny planstrategi straks etter at nytt fylkesting er konstituert med sikte på vedtak oktober/desember 2016. Først til hausten vil det bli klargjort korleis arbeidet med ny planstrategi skal organiserast og innrettast.

Planloven er endra sidan førre regionale planstrategi. Strategien skal no også angi mål for utviklinga i fylket. Måla vert fastsett på bakgrunn av ei utgreiing av viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar og vurdering av langsiktige utviklingsmogelegeheter. Det er tenleg å førebu dette arbeidet gjennom nokre relevante statusrapportar:

Før oppstart av arbeidet er det trøng for følgjande plangrunnlag:

1. Status og vurdering av for arbeidet med gjennomføring av gjeldande regional planstrategi - resultat, utviklingsbehov og behov for vidareføring.
2. Nasjonale forventningar til regional plan vert offentleg rundt juni 2015 og relevansen for Hordaland bør vurderast nærmere. Det er naturleg at fylkesmannen bidrar til å gje innspel til dette.
3. Status for berekraftig utvikling i Hordaland - planutfordringar . Føremålet med regional planlegging er å leggja til rette for berekraftig regional utvikling. Ein enkel rapport (SWOT-analyse) som peikar på dei viktigaste utfordringane i fylket innan drei tre berekrafttema ville vere nyttig og som bakgrunn for seinare spissing inn mot dei viktigaste utfordringane som strategien skal utdjupa seinare.

I tillegg vil det vera ein føresetnad at fylkeskommunen utarbeider status over folkehelserelevant informasjon med relevans for planarbeid. Desse fagrappartane kan utarbeidast administrativt, medan sjølve strategiarbeidet må leiast av politiske organ.

Arbeidet vil denne gongen sjåast i samanheng med internt strategiarbeid i fylkeskommunen. Vi ser for oss følgjande framdriftsplan for arbeidet med regional planstrategi.

#### Framdriftsskisse:

Tid	Aktivitet	Medverknad eksternt/avgjerd
Februar – juni 2015	Statusrapport berekraftig utvikling	Statlege organ/kunnskapsmiljø/kommunar
Juni – august 2015	Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging	Statlege organ
Juni-august 2015	Statusrapport regional planlegging	Fylkeskommunen internt
Oktober –november 2015	Førebu oppstart av arbeid med regional planstrategi	Kommune og stat
Oktober-november 2016	Vedtak av oppstart ny planstrategi	Fylkesutvalet
November- april 2016	Prosess regional planstrategi	Kommune/stat/private organisasjoner
Mai 2016	Vedtak av høyringsforslag	Fylkesutval
Mai – august 2016	Høyring av forslag	Høyringsorgan
September 2016	Bearbeiding- handsaming	Kommune/stat
Oktober 2016	Vedtak	Fylkesting

Fylkesrådmannen kjem tilbake med eiga sak om oppstart etter konstituering av nytt fylkesting.

#### 4. Fordeling av midlar til regionalt planarbeid 2015

Planlegginga i 2015 ber preg av at fleire planar no er vedtatt og det står att meir avsluttingsarbeid. Fleire planar har også ekstern finansiering. Regional kystsoneplan er inne i ein intens arbeidsperiode og vil vera mest økonomisk krevjande. Fylkesrådmannen foreslår følgjande fordeling av midlane i år. Når det gjeld arbeid med regional planstrategi vil dette bli finansiert gjennom ordinær drift.

Planarbeid	Aktivitet	NOK
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	Planprogram/medverknad	150 000
Regional forvaltningsplan for vatn	Sluttføring av plan	100 000
Regional kulturplan	Sluttføring	200 000
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger	Analyse og planarbeid	1232 000
Utviklingsplan for indre Hordaland	Analysearbeid	200 000
Sum		1 882 000

## **5. Oppsummering**

Arbeidet med regional planlegging er inne i ein aktiv periode og fleire planar er vedtatt i 2014. For 2015 vil arbeidet med kystsoneplan for Sunnhordland og Regional areal- og transportplan for Bergensområdet krevja store ressursar. Planprogramavklaring for regional plan for kompetanse og arbeidskraft vil pågå i 2015. Fleire planar er inne i ein meir avsluttande fase. I 2015 vil førebuing av oppstart av arbeidet med ny planstrategi pågå fram mot konstituering av nytt fylkesting.